

## Korleis endra areal i søknadsskjema for produksjonstilskot

Om det har vore arealendringar på jorda du driv sidan førre søknadsomgang, så må du leggja inn rett areal på nytt i søknadsskjemaet. Døme på arealendringar kan vera oppmåling av nytt jordbruksareal, areal som er grodd til med skog, nye bygningar og vegar med meir. I 2023 har dessutan NIBIO gjennomført periodisk ajourhald av alt areal i Bjerkreim, der markslaga er kontrollert opp mot dei nyaste tilgjengelege flybileta. På grunn av dette vil svært mange av landbrukseigedomane i kommunen ha visse endringar.

Årets søknadsskjema er automatisk førehandsutfylt med tala frå i fjar. Viss arealet i søknaden er større enn eigedomen er registrert med i landbruksregisteret, dukkar det opp ein slik varselsmelding når du prøver å levera søknaden:

**Varselsmeldinger. Vennligst se over følgende varselsmeldinger før du sender inn søknaden:**

**Areal - eiendommer**

- ❶ 1101-70/10: Antallet dekar du har oppgitt med markslaget innmarksbeite er større enn det som er registrert i Landbruksregisteret. Vennligst sjekk at antall dekar du har ført opp i søknaden stemmer. Om du mener at registreringene i Landbruksregisteret er feil, bør du legge inn en kommentar til saksbehandler i seksjon "Oppsummering og send", under "Utfyllende informasjon til søknaden", der du forklarer hva du mener er feil og hvorfor.

[Klikk her for endringskart](#)

I Gårdskartet kan du se om det har vært endringer i arealet på eiendommen siden forrige søknadsår, og i så fall hvor og hvor mye.

Du må då endra arealet ved å gå tilbake til fana **Areal – eiendommer**. Der viser aller eigedomane føretaket disponerer, og totalareal for desse

**Foretakets disponerte arealer** 

Landbrukseiendommer	Eier	Sone	Totalt disponert areal	
1101-70/1 Kart	Ivar Tore Hetland	5B	314	 
1101-70/8 Kart	Odd Bjarne Hetland	5B	54	 

 Legg til landbrukseiendom

For å endra, trykker du på blyantsymbolet. (Markert med raud ring rundt)

Då får du opp dette skjermbiletet:

Landbrukseiendommer	Eier	Sone	Totalt disponert areal
1101-70/1 Kart	Ivar Tore Hetland	5B	314
<b>Legg inn hvor mange dekar av hvert markslag foretaket disponerer på eiendommen</b>			
<b>Fulldyrket</b>	<b>Overflatedyrket</b>	<b>Innmarksbeite</b>	
64		250	
<b>Totalt disponert areal: 314 dekar</b>			
<span style="border: 1px solid #ccc; padding: 5px;"> Landbrukseiendommen er registrert med følgende arealopplysninger i Landbruksregisteret: <b>Fulldyrket:</b> 64 <b>Overflatedyrket:</b> 0 <b>Innmarksbeite:</b> 239 <b>Totalt:</b> 303</span>			
<input style="background-color: #0070C0; color: white; border-radius: 5px; padding: 5px 10px; margin-right: 10px;" type="button" value="Lagre"/> <input style="border: 1px solid #ccc; padding: 5px 10px;" type="button" value="Avbryt"/>			

Her står det kor mykje av dei ulike markslaga eigedomen er registrert med i landbruksregisteret. I dette høvet må innmarksbeite reduserast frå 250 til 239 daa. Om du ikkje driv alt arealet på eigedomen, til dømes om noko er utleigd til nokon andre, må sjølv sagt dette trekkjast frå.

Nedst på denne sida får du ei oversikt over dei totale areala du disponerer:

#### Foretakets disponerte arealer - sum per markslag i sone 5B

Disponert fulldyrket areal: 82 dekar

Disponert overflatedyrket areal: 0 dekar

Disponert innmarksbeiteareal: 275 dekar

**Totalt disponert areal: 357 dekar**

[Forrige](#)

[Neste](#)

[Lagre søknad \(fortsett utfylling senere\)](#)

Du går deretter vidare til fana **Areal – vekster**. Her oppdaterer du arealet for dei ulike vekstgruppene:

Kode	Beskrivelse	Sone	Antall dekar	
			2022	2023
210	Fulldyrket eng 	5B	82	82
211	Overflatedyrket eng 	5B		
212	Innmarksbeite 	5B	275	275
213	Andre grovfôrvekster til fôr 	5B		

Korn og annet frø til modning

Frukt, bær, planteskoleplanter og blomster

Når du til slutt har fått med alt av opplysningene som skal inn i søknaden, går du til fana **Oppsummering og send**. Trykk **Kontroller søknad**, og då skal varselmeldinga vera vekke

Kontrollen ga ingen meldinger. Vil du sende inn søknad?

**Send søknad**

Om arealendringane har gått andre vegen, altså at arealet i landbruksregisteret er større enn det som er utfylt, til dømes etter ny oppmåling av innmarksbeite, kjem det ikkje varselmelding. Då må du sjølv passa på å korrigera dette!

**Me oppmodar uansett alle om å sjekka kva areal som er registrert i landbruksregisteret, som synt ovanfor.**